




SKOG-OG SOPPTUR TIL



LINDÅSEN

Fredag 16. september tek 5.-7.trinn turen opp til Lindåsen. Me går frå skulen i ca.klokka 10.00 og er tilbake til skulen til 6.time (13.00).

5.trinn har jobba med **SKOGEN** som tema i naturfag, medan 6.-7. trinn har jobba med **SOPP** som tema i naturfag. Det **overordna målet** med denne «studieturen», vert då å bruka kunnskapen elevane har øvd på dei siste to vekene, ute i praktiske opplevingar!

Målet for turen til 5.trinn, vert å:-kunna fortelja om ulike typar skog
- om kva plantar og dyr som lever i skogen.

Målet for turen til 6.-7.trinn, vert å:- til å vita kva soppar som kan etast og soppar som er giftige, samt vita namn på soppar/artar.

Når det gjeld 6.-7.trinn sitt «sopp-plukking», vil me nytta plasthanskar når elevane skal plukka, studera eller ta i sopp, og ingenting skal smakast på!!!

Soppen me tek med oss til skulen, skal *berre* nyttast til å namngje soppar, sortera i mat -og giftisoppar og kva art dei høyrer til (elevane har eige hefte med oversikt over mat-og giftisoppar/ artar i kvit perm).